
Saksnr: 2020/78634-3
Saksbehandlar: Kristin Iversen
Dato: 09.08.2021

Til: Hovudutval for næring, Hovudutval for opplæring og kompetanse

Frå: Avdelingsdirektør innovasjon og næringsutvikling

Kompetansepilot Vestland – løypemelding

«Kompetansepilotar» er ei tilskotsordning som er finansiert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet og forvalta av Direktoratet for høyere utdanning og kompetanse (HK-dir). Målet med ordninga er å identifisere verksemdene sine behov for kompetansehevande tiltak, samt mobilisere og leggje til rette for eit tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod i Distrikts-Noreg. Prosjekta skal bidra til å utvikle og prøve ut nye måtar og modellar for å nå dette målet, samt støtte fylkeskommunane si strategiske rolle og ansvar for regional kompetansepolitikk. Vestland fylkeskommune har fått støtte til eit treåring prosjekt gjennom denne ordninga og arbeidet med prosjektet starta for fullt våren 2021.

Finansiering

Det vart gjeve tilskot frå KMD i 2020 på inntil 1,4 millionar kroner per fylke, og begrensa til maksimalt 70 prosent av prosjektkostnadene. Tilskotet er planlagt til om lag 1,5 millionar kroner per fylke i 2021 og 2022. Det vert tatt atterhald om Stortingets årlege budsjettbevilgning for ordninga. Fylkeskommunal medfinansiering kan omfatte bruk av egne tilsette, ressursar, møte og liknande. I tillegg kan bidrag frå andre aktørar reknast inn som medfinansiering. I Vestland sin pilot vert medfinansieringa på 30 % i form av egne tilsette fordelt på dei tre samarbeidspartnarane i prosjektet.

Om Kompetansepilot Vestland

Vestland fylkeskommune har vald Nordfjord som geografisk område for vår kompetansepilot. Kompetansepiloten for Vestland er eit samarbeidsprosjekt mellom Vestland fylkeskommune, Nordfjordakademiet og Fagskulen i Sogn og fjordane.

Kompetansepiloten skal vere ein motor, meklar og møteplass som skal bidra til naudsynt rett og god kompetanseheving for bedriftene. I prosjektet skal vi kartlegge behovet for kompetansehevande tiltak i næringslivet hos små og mellomstore bedrifter i heile regionen for deretter utarbeide modellar og metodar for tilrettelegging og mobilisering av tilpassa etter- og vidareutdanningstilbod. Ambisjonen er å utvikle ein modell for dette arbeidet som på sikt kan nyttast i heile fylket.

Vestland fylkeskommune er prosjekteigar og Nordfjordakademiet er prosjektleiar for prosjektet.

Sentrale aktivetar vår 2021

Tilsetting av prosjektleiar: 1. mars 2021 vart Anders Lødemel tilsett som prosjektleiar med arbeidsstad hos Nordfjordakademiet

Oppstart av «roadtrip»: Ein viktig aktivitet i prosjektet er å gjennomføre ein roadtrip i regionen. Føremålet er å kome i kontakt med bedrifter og spreie informasjon om prosjektet. På grunn av coronasituasjonen har kontakten så langt måtte finne stad digitalt og på telefon.

Oppstart av arbeidet med å utvikle verktøy for kartlegging av kompetansebehov: Prosjektgruppa arbeider med å tilpasse eit verktøy som er utvikla av region Skåne («Mind the Gap») til bedriftene i vår region. Verktøyet skal hjelpe bedriftene med å identifisere sine kompetansebehov.

Forarbeid til uttesting av utdanningshubar: Fagskulen testar no ut ein modell med utdanningshubar. Her skal ein legge til rette for at studentar har ein fysisk plass å vere på heimstaden når dei ikkje er på utdanningsinstitusjonane sine campus. Dette skal og vere ein møteplass for studentar og næringsliv og er noko vi vil teste ut som ein del av kompetansepiloten.

Sentrale aktivitetar for haust 2021

- Bringe etter- og vidareutdannings inn som tema på eksisterande møteplassar og eventuelt opprette nye møteplassar ved behov
- Gjennomføring av fysisk Roadtrip
- Ta i bruk «Mind the Gap Nordfjord»
- Opprette utdanningshubar i Stryn, Stad, Gloppen, Bremanger, Måløy

Deltaking i nasjonalt læringsnettverk for kompetansepilotar: Både Fylkeskommunen, Nordfjordakademiet og fagskulen deltek på samlingar som Kompetanse Norge arrangerer for å sikre erfaringsutveksling, samarbeid og læring mellom dei ulike fylka sine kompetansepilotar. Prosjektet vert også følgeevaluert av Samfunnsøkonomisk analyse (SØA).